

**Notat**Dato: 06.04.2017  
Arkivsak: 2017/1360-4  
Saksbehandlar: silfoyn

---

**Til:** Sveinung Klyve  

---

**Frå:** Silje Øvrebø Foyen  

---

**Kulturminnefagleg fråsegn - Onarheim Bruk AS - søknad om uttak av vann fra Onarheimselva og regulering av Onarheimsvatnet - Tysnes kommune**

Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Bakgrunn

NVE har motteke søknad frå Alsaker Fjordbruk AS den 07.02.17, om løyve til uttak av vatn frå Onarheimselva og regulering av Onarheimsvatnet i Tysnes kommune i samband med planlagt utviding av produksjon av fisk på Onarheim Bruk AS. Det søkaste om å regulere Onarheimsvatnet mellom kote 111 og kote 112,5. Dei tekniske installasjonane knytt til vassutaket er i hovudsak allereie etablert. Det planleggast slipp av minstevannføring frå inntaket i Onarheimselva og ned til sjø på 70 l/s.

Kulturminnefagleg vurdering

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi ved Onarheimsvatnet. På Onarheim ligg fredningsområdet til Onarheim tingstad og gildestad (Askeladden id. 222600) som er automatisk freda jf. kulturminnelova § 4 første ledd bokstav f. Kulturminneområdets avgrensing følgjer Onarheimselva i vest, terrassekanten i nord, eksisterande veg i aust og til sjøen i sør. Området ligg og innafor omsynssone *H570\_38 Kulturmiljø, Onarheim* i kommuneplanen til Tysnes.

I søknad er det oppgitt at eksisterande rørleidning, som ligg nedgrave lang vassdraget forbi Onarheim kyrkje skal nyttast vidare og det er ikkje planlagt nye tekniske inngrep langs vassdraget. Vi kan difor ikkje sjå at tiltaket det vert søkt om vil føre til direkte skade på kulturminnet. Den reduserte vassføringa kan få negativ verknad på opplevingsverdiane knytt til kulturmiljøet. Det må difor takast omsyn til kulturlandskapet slik at desse verdiane ikkje vert redusert.

Då saka gjeld areal i sjø er saka sendt over til Bergens Sjøfartsmuseum. Fylkeskonservatoren har ikkje motteke uttale frå museet enno og brev frå dei vert difor ettersendt.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.